



Sjuandeklassa i skulen i Uskedalen visste mest då Kvinnheringen i ei veke og gjennom 3 aviser gjennomførte tevlinga Vis med avis med deltaking av sjuandeklassingane ved 7 skular i kommunen.

Dei 15 elevane fekk 16,17 poeng av 20 moglege og stemninga var høg i klassa og på skulen i dag då sigeren vart kunngjort over 3 sider i avisa. Premien på 1500 kroner skal nyttast til ein tur, kanskje til Fjellhaugen med overnatting.

Oppgåva gjekk ut på at elevane i ei veke skulle fylgja med på nyhende i dei 3 avisene til Kvinnheringen.

Veka etter måtte dei så svara på 20 spørsmål, stort sett knytt til stoff i denne avisa og med 3 alternativ for kvart.

Lærer Svein A. Sunde vart gledeleg overraska over sigeren utifrå poengsummen som gav topplasseringa i fjor,

Elevane fortel til

uskedalen.no at spørsmål som dei bomma på til dømes var namnet på den avgåtte paven, kven som er oljeminister, salet på Vinmonopolet og kva gjestene åt på handballfesten.

Dei fleste svarar nei på spørsmålet om dei les lokalavisa til vanleg men dei får med seg nyhende via nettaviser og sosiale forum.

Dette er klassa som på biletet over presenterar oppslaget om dei sjølv i Kvinnheringen i dag:

Adrian Storøy, Joakim Ljosnes Myklebust, Anine Enes, Ann Helen Rød,

Hans Magnus Sæle Kårstad, Veslemøy Haugland, Jonas Ridzevicius, Ronya Lakselv, Ingar Eik Høivik, Torstein Tunesvik Myklebust, Mats Løland Eik, Jakob Soltveit Taranger, Merethe Myklebust, Hilde Legland og Hanne Tunesvik Hauge.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen